

Osingen



Årsskrift 1996
Utgjeve av Os Mållag

12. årgang

Osingen

Utgjeve av
Os Mållag

1996

INNHALDSLISTE:

Bente Bratlund Mæland:
HAND I HANDside 1

Åsmund Lien:
Kvifor Ivar Aasen vart
målgranskarside 2

Armand Natvik:
Ingebrigt Bjørø - ein
bortgøymd partiskiparside 4

Arthur Lunde:
Tankar ved eit jubileumside 8

Barnesider:
Elevar i klasse 6a
ved Søfteland skuleside 10

Gustav Moberg:
Då «fiskestrilar» frå Os
vart steina ved Nordnesside 12

Armand Natvik:
Ingebrigt Bjørø - framhald ...side 14

Kristine Opheim:
Frå tid til annaside 20

Bente Bratlund Mæland:
NÅDESTUNDside 21

Framsida:
Oselvarverkstaden. Foto: Os og Fusa
Posten

Skriftnemnda:
Anna Margreta Lunde
Elfrid Moberg
Gustav Moberg
Kåre Herdlevær
Lars Skorpen

Trykk:
Geo Grafisk AS Bergen

KR. 25,-

Til lesaren

Gjennom media, som radio, TV og aviser har vi alle fått kjennskap til at det er Ivar Aasen-år i år. 100 år etter Ivar Aasen sin død er blitt markert på ymse vis. Gode program i NRK har sett Ivar Aasen sitt storarbeid inn i sin rette samanheng. Den sjølv lærde vitenskapsmannen, samlaren, botanikaren, grammatikk-/ordbokforfattaren og diktaren har fått eit ettermæle som få andre.

Diktaren ja! Få har vel greidd å formidla kjærleiken til land og folk betre enn han. Songar som m.a.: «Dei vil alltid klaga og syta...», «Her er det land som hugar meg best...» og «Millom bakkar og berg...» er blitt folkelege. Sistnemnde, som har tittelen «Nordmannen», skal vera den norske songen som er mest brukt.

OSINGEN 96 markerer Aasen-året med ein artikkel om Ivar Aasen. Det er også gledeleg at skulen er med i dette arbeidet. Det viser seg att i barnesidene, der elevane riktig har brukt fantasien sin.

OSINGEN har også i år skifte i skriftnemnda. Samson Bjørke går ut etter 10 års arbeid. Han har gjort eit dugande arbeid i desse åra, og vi takkar han for det arbeidet han har lagt ned her. Nytt medlem i nemnda er Lars Skorpen. Vi ønskjer han velkomen i arbeidet.

Vi sender helsing til alle trufaste kjøparar og lesarar av årsskriftet og vonar at vi også med dette nummeret har funne fram til stoff som er av almen lokalhistorisk interesse.

Ver også trufast mot dei som støttar oss med lysingar. Dei er sterkt medverkande til at årsskriftet kjem ut.

God Jul

Helsing frå skriftnemnda

Helsing

Til

Med dei beste ynskje om god jul og eit godt nytt år!

Frå

Hand i hand

Av Bente Bratlund Mæland

kom
la oss gå over den
rekkverkslause brua
saman
la oss krossa den
frådande elva
hand i hand

eg først og du etter
eller du først og
eg etter
så vi trygt når fram
til den andre sida



Kvifor Ivar Aasen vart målgranskar

Av Åsmund Lien

Iver Andreas Aasen vart fødd i Ørsta på Sunnmøre i 1813. Foreldra var småkårsfolk som «henlevede sin Tid som simple Gaardbrugerfolk». Mora døyde då Andreas, som han vart kalla i barneåra, var tre år gammal. Då han var 13 miste han far sin òg, og i fem år gjekk han som gardsdreng hos eldste bror sin. Så lenge faren levde, skreiv han i 1841, «havde jeg nogenlunde Leilighed til min Yndlingsforføielse, nemlig at læse.» Verre vart det dei neste fem åra. Broren meinte guten burde arbeida for føda, og tykte ikkje lesing var særleg nyttig.

Dette var utgangspunktet Ivar Aasen hadde. Korleis kunne det vera mogleg at han kunne velja den vegen han gjorde, og at han kunne verta den fremste språkvitskapsmannen som har levd i Noreg?

Forklaringa på dette finn ein i ymse tilhøve, og på ymse steg i livet hans. Eitt tilhøve er eldre enn Ivar Aasen sjølv. I 1760- og 70-åra var Hans Strøm prest i Volda prestegjeld, som den gongen femnde om Volda og Ørsta. Storverket hans, «Physiske og oeconomicke Beskrivelse over Fogderiet Søndmør», var eitt av dei som brøytt veg for norsk naturgransking, og «han gjorde Volda til ein midstad for folkeleg opplysning og frisk naturleg tenkning», skriv Halvdan Koht. Claus Frimann verka i Volda samstundes, og frå Ørsta kom Sivert Aarflot, som i 1808 sette opp eit trykkeri på Ekset i Volda, det fyrste og i lang tid einaste trykkeriet på landsbygda i Noreg. Ekset vart eit senter for folkeopplysninga i landet, med ei stor boksamling og ein stor produksjon av folkeopplysningsskrifter. Frå Åsen i Ørsta til Ekset i

Volda var det ikkje lenger enn at ein kunne gå. Denne vegen gjekk den unge Iver Andreas mange gonger, og i bladet til Rasmus Aarflot, son til Sivert Aarflot, fekk han det fyrste diktet sitt på prent. Denne tradisjonen er ei viktig årsak til at den fattige Ivar kunne verta vitskapsmann. «Det kan nok henda at Aasen i ei mindre opplyst bygd ville stått heilt fast», skriv Knut Liestøl.



18 år gammal gjekk Iver Andreas til presten i Volda og bad om å få verta skulelærer. Det vart han, og dermed fekk han betre tid til å lesa, og då var biblioteket på Ekset ei rik kjelde for han. Sjølv hadde han naturleg nok ikkje så mange bøker enno. I ei oppskrift frå 1835 nemner han alle bøkene han eig, 59 i alt. Det aller meste var anten religiøse bøker av ymse slag, eller bøker som høyrde til læraryrket hans. Berre to bøker var det som sa noko om hovudinteressene hans:

Eit naturhistorisk verk som Sivert Aarflot hadde gjeve ut, og Mauritz Hansens «Grammatik i det norske og danske Sprog» frå 1828. Han hadde òg eit handskrive hefte på 52 sider, ei dansk språklære, som han hadde fått på dei tider han tok til som skulelærer. Det var to vegar Ivar Aasen kunne koma til å gå: Mot naturvitskapen, eller mot språkvitskapen.

I fyrstninga såg det ut til å verta naturvitskapen som skulle få glede av Ivar Aasen sitt arbeid. I 1831, som 18-åring, tok han til å gjera oppteikningar om verlag, planteliv og årsavling, og han laga seg eit stort herbarium. Naturvitskapen var og det lettaste å ta tak i. Der

fanst metodane, og der var det lett å sjå oppgåvene. Den oppgåva Ivar Aasen løyste innan språkvitskapen låg ikkje i dagen. Det var knapt nokon som hadde tenkt den tanken at det på dei norske målføra kunne byggjast eitt samlande skriftmål.

Om Ivar Aasen i fyrste omgang konsentrerte seg mest om naturvitskap, og særleg om botanikk, så heldt språkinteressa seg heile tida levande. I sjølvbiografien frå 1841 skriv han: «Den Videnskab, som jeg har fundet mest interesserende, er Grammatiken». Det at han i mange år kom til å leggja vinn på naturgransking, såg han seinare på som ein avveg. Halvdan Koht er ikkje samd i det: «Ein kunde segja um honom, soleis som det hev vore sagt um den største læremeisteren hans i grammatisk tenking, Rasmus Rask, — at han var naturvitskapsmann i maalgranskingi». Koht meiner at den vitskaplege metoden Aasen lærde seg gjennom naturvitskapen, vart avgjerande for det språkvitskaplege arbeidet hans. «Det var same metoden han fekk bruk for, anten han granska blomar eller ord; han maatte sankka ihop tilfanget med tolmod og trott, og han maatte faa det i godt skipelag etter paalitande skilmerke».

I 1820- og 30-åra skjedde det mykje innan språkvitskapen. Dansken Rasmus Rask viste mellom anna at det var grammatikken og ikkje ordtilfanget som var grunnsteinen i språket, Jacob Grimm verka samstundes i Tyskland, og la med sitt arbeid grunnlaget for nytysk med storverket «Deutsche Grammatik». I Noreg gjorde P.A. Munch seg til talsmann for å reisa eit norsk språk på grunnlag av gammalnorsk og «en af vore reneste Almuedialekter», medan Henrik Wergeland heldt på fornorskingsvegen. Han ville ta utgangspunkt i det danske språket, men henta litt språktilfang, særleg ord, frå folkemålet. «En lexikalsk Berigelse» kalla Wergeland det.

Ordskiftet mellom dei to gjekk føre seg i Morgenbladet i fyrste halvta av 1830-åra, og Ivar Aasen må ha lese noko av det. Mykje tyder på at dette ordskiftet i stor grad var med å styra Ivar Aasen mot språkvitskapen, og bort frå botanikken. Som huslærer hos kaptein Daae i Skodje sat han i 1836 og for fyrste gong forma tankane sine skriftleg om eit norsk skriftmål. I

artikkelen «Om vort Skriftsprog», som fyrst vart prenta i 1909, gjev Aasen programmet for korleis det norske språkspørsmålet bør løysast. Inga dialekt skulle vera hovudspråk, men det skulle samlast inn ord og grammatiske opplysningar frå alle «Landets større Provindser», og på grunnlag av dette utarbeidast «en fuldstændig norsk Ordbog, med tilsvarende Grammatik».

I 1836 ser han ikkje for seg at det er han sjølv som skal gjera dette arbeidet, men truleg byrja slike tankar å ta form på dei tider. I sjølvbiografien frå 1841 skriv han at han «til et Forsøg vilde sælvstændigen og paa egen Haand undersøge og behandle et Sprog». Han reagerer på at det som finst om norsk språk berre er nokre ord-samlingar, men ingen ting om grammatikk. Han ser for seg at eit slikt arbeid «kan udføres af En, der er født og opdragen i en Bondes Hytte. Jeg vil forsøge et saadant Arbeide».

I 1837 byrja Ivar Aasen på det fyrste språkvitskaplege arbeidet sitt, sunnmørsgrammatikken. I 1841 tok han med seg herbariet sitt og sunnmørsgrammatikken og oppsøkte biskop Jacob Neumann i Bergen. Neumann var medlem i vitskapselskapet i Trondheim, og frå 1842 ytte vitskapselskapet løn til Aasen til å granska målføra i Bergens stift.

Dermed var leia peika ut. Det vart språkvitskapen og ikkje botanikken. Dette vegvalet vart viktigare enn nokon kunne tru. Knapt nokon norsk vitskapsmann, same kva grein me snakkar om, har sett slike spor etter seg som Ivar Aasen.

Kjelder:

Arne Garborg, Anders Hovden, Halvdan Koht: *Ivar Aasen*. Kristiania 1913

Knut Liestøl: *Ivar Aasen*. Oslo 1963
(Fyrst prenta i Syn og Segn i 1913)

Olav Hr. Rue (red.) *Ivar Aasen. Skrifter* Oslo 1976

Norsk Allkunnebok, bd. 10. Oslo 1964.

Ingebrigt Bjørø - Ein bortgøymd partiskipar.

(Kristeleg Folkeparti blir til)

Av Armand Natvik

Ingebrigt Bjørø og partiskippinga.

Året er 1933. Det er stortingsval dette året, og 21. august held Hordaland Venstrelag sitt nominasjonsmøte i Bergen. Møteleiar er ordføraren i Os, Nils Tveit, formann i Hordalandspartiet. Vallista vert presentert, og mange av dei 145 delegatane trur knapt sine egne auge: Er ikkje Nils Lavik på lista?! Møteleiaren opplyser då at Lavik har flytta til Bergen (hausten - 32), og at han difor ikkje er valbar for Hordaland. (Hordaland og Bergen var den gongen to fylke).

Dette er det mange som ikkje veit, og vonbrotet er stort, særleg blant nominasjonsmennene som representerer dei kristelege veljarane i Venstre. Det vert mykje fram og tilbake om denne saka på møtet, men Nils Lavik kjem ikkje på lista.

Nokre har hevda at Nils Tveit dreiv eit taktisk spel på møtet for å hindra at Lavik skulle få ein plass høgt oppe på lista (nr. 3). Dermed kunne han sikra seg sjølv ei høg plassering og bli fast stortingsmann. (Tveit stod som nr. 4 på lista, og denne plassen vart rekna som sikker).

Andre, mellom dei mange av nominasjonsmennene, har meint at Nils Lavik ikkje blei nominert fordi formalia ikkje var i orden. Han var rett og slett ikkje valbar, og dei fleste delegatane ville ikkje risikera å gjera noko ulovleg ved å gå inn for han. Vi får la dette liggja, då det er vanskeleg å seia noko sikkert.

Det vi derimot kan seia sikkert, er at nominasjonsresultatet vekkjer sterke reaksjonar blant Venstre sine kristelege veljarar i Hordaland. Dei har halde Nils Lavik for sin mann på Venstrelista. Laviknamnet er godt kjent, og Nils Lavik har ein sterk posisjon i

dei kristne miljøa. Han er formann i Det Vestlandske Indremisjonsforbund, og styrar for Bibelskulen i Bergen. I stortingsperioden 1931 - 1933 har han stått på sjetteplassen på Venstre si liste, han har vore varmann til Stortinget, og har og møtt eit par gonger. No har kristne veljarar venta og trudd at Lavik denne gongen skulle få ein plass lenger oppe på lista, kanskje ein tredje plass, og dermed komma inn på Stortinget.

I Os er det ein mann som vert svært opprørt over nominasjonsresultatet til Venstre.. Det er blekkslagar Ingebrigt Bjørø. Han går no til aksjon. På eige initiativ innkallar han til eit møte i Bergen 4. september, der dei skal prøva å skipa eit kristeleg parti. Det vert eit hektisk arbeid. Tida er knapp. Vi veit ikkje i detalj korleis Bjørø har arbeidd med innkallinga, men vi veit at han har nytta telefonen flittig, det fortel dei mange telefonrekningane oss. I tida fram til 4. september har han opp til 7-8 telefonar på ein dag, og namna på dei han ringjer til, finn vi att på skipingsmøtet, i det første partistyret og på stortingslista til det nye partiet.

4. september 1933 møttest så skipingsmennene på Bibelskulen i Bergen. Det nye partiet, Kristeleg Folkeparti, ser dagsens lys, trass i uro og tvil blant ein del av dei framførte. Han som er sikrast i trua på det nye partiet er Ingebrigt Bjørø. (Dette er blitt stadfesta av nokre av dei som var med på møtet).

Bjørø blir vald til formann i styret for det nye partiet, og han får med seg Anders Vaksdal (Bruvik), Johan Midtun, (Fana), Johs. Aksnes - Øystese (Kvam) og Olav Hannisdal, (Ytre Arna). Alle har sin bakgrunn i Indremisjonen og Kinamisjonen. Etter at partiet er skipa, går dei over til no-

minasjonane. Nils Lavik blir sett øvst på lista, og Johs. Aksnes- Øystese blir nr. 2.

Dei greier altså å ordna alt det formelle før tidsfristen går ut, og det nye partiet står no framfor ein vanskeleg valkamp, og valet som skal haldast 16. oktober.

(Ved valet fekk KrF 17,2% av stemmene i Hordaland, og Venstre tapte 17,3% av stemmene. Nils Lavik kom inn på Stortinget. Venstre miste sitt 4. mandat, og Nils Tveit kom ikkje inn, men vart varamann.

I Os fekk KrF 15,3% av stemmene ved valet. Venstre gikk tilbake med 18%. Det nye «Samfundspartiet» (Brochmann) fekk over 5% av stemmene i Os).

Ingebrigt Bjørø - den første partiformannen.

Kven var så denne Ingebrigt Bjørø, og kva føresetnader hadde han for å kalla inn til skipingsmøtet i Bergen 4. september 1933?

Bjørø var fødd i Austevoll, der faren var lærar og kyrkjesongar. Han kom til Os i 1902, og starta forretning som han gradvis bygde opp. Etter kvart vart verksemda ganske stor, med fleire tilsette, og hadde større arbeidsoppgåver både i Os, Fana og Bergen.

Litt etter litt kom Bjørø inn i styre og stell i Os, sat fleire periodar i kommunestyret, var med i eit utal nemnder og råd, og var styreformann i Os Sparebank. Han vart altså ein framstående mann i bygda.

Men skal vi forstå hans rolle i førebuingane og skipinga av det nye politiske partiet, må vi sjå på hans virke og posisjon i det kristelege arbeidet og i dei kristelege organisasjonane i Hordaland. Ingebrigt Bjørø var m.a. styremedlem i Bergen krins for Det Norsklutherske Kinamisjonsforbund, og han var styreformann for Os og Fusa

Fellesforeining for denne misjonen. I over 20 år var han formann i Os Indremisjon.

Han gjorde såleis ein stor innsats i det kristelege arbeidet, både lokalt og på fylkesplanet. Han var stadig på reiser rundt om i Hordaland, og fekk difor etter kvart ei stor kontaktflate, fekk svært mange venner og kjente blant leiarane for det organiserte kristenfolket. Han var altså ein velkjend og respektert mann i vide krinsar, og han kjende truleg dei fleste som han kalla inn til skipingsmøtet i Bergen. Mange av dei hadde lenge vore inne på tanken om å skipa eit kristeleg politisk parti, og nokre av dei hadde vore med i tidlegare forsøk (1924 og 1927) - også Ingebrigt Bjørø. Denne gongen vart det verkeleggjørt.

Ingebrigt Bjørø vart altså vald til formann i det nye partiet i Hordaland, og han sit til 1938, då han må trekkja seg

tilbake på grunn av sjukdom. I

desse åra får han mange brev

frå partifeller rundt om i

Fylket, og det skin tydeleg gjennom at dei vender

seg til ein person/formann som dei respekterer

og har tiltru til.

Dei vil ha råd av han,

høyra hans meiningar

om og vurderingar av

mange ting og saker.

Det handlar om personspørsmål - og ikkje

minst økonomi. Det går

fram av brev frå Bjørø til

Anders Vaksdal (juli

1937) at det er styret som

garanterer for partiet sin

økonomi. Bjørø er då svært

sjuk, og ber seg fritatt for å vera

kausjonist for eit partilån i Bruvik

Sparebank.

Men i første rekke står arbeidet

med parti- og organisasjonssaker.

Det gjeld å tømra ein organisasjon, skipa lo-

kallag - utvida veljargrunnlaget. Bjørø sit

sentralt i dette arbeidet.

Men det har nok vore usemje i styret om

korleis partiorganisasjonen skulle byggjast



Ingebrigt Bjørø
(1879-1944)

opp. Johan Midtun skriv i brev til Bjørø 31.03.34:

...«Eg kan heller ikkje vera med på at Kristeleg Folkeparti no vert organisert til tops, med organisera lag i alle bygder. Er det bygder som på sett og vis vil ha organisera lag, må dei vel få lov til det, men elles trur eg det er best med ein arbeidskomite i kvar skulekrins. Dette skriv eg ut frå mi personlege overtyding.

Skulde styret vilgja gå lenger, lyt eg med det same segja frå at eg går ut av styret. Eg kan nemleg ikkje vera med å ta ansvaret for noko sterk organisering av partiet.»...

Lavik skriv til Bjørø om dette (1934): ...«Eitt er visst: vil me ha parti må me og ta organiseringa og striden og arbeidet som fylgjer med. Og vil me ikkje parti, ja so kjem det vel dei som vil ta det frå oss.»...

Elles har det i desse åra vore fellesmøte og samarbeid med Bergen KrF (skipa 24. August 1934). Dei har samarbeidd om den vidare utbygginga av partiorganisasjonane, men og om førebuing og planlegging fram mot det neste stortingsvalet (1936).

Men samarbeidet har og hatt eit vidare perspektiv: I 1935 sender dei ut eit skriv til personar utanfor Hordaland («Sør-og Vestland»). Dei spør om ikkje tida no er inne til å skipa partilag også i desse fylka, og ber om at det vert teke initiativ til dette.

Det er truleg leiarar i kristelege organisasjonar dei vender seg til. Det vert bede om at svar vert sende til «Arbeidsutvalget for Kristeleg Folkeparti i Hordaland og Bergen.»

Så i desse åra har altså dei to partia arbeidd aktivt for ei utviding av Kristeleg Folkeparti til andre fylke og byar.

Eg skreiv tidlegare at Ingebrigt Bjørø i si formannstid fekk mange brev frå partifeller rundt om i Hordaland, men brevvekslinga mellom Bjørø og Nils Lavik er kanskje den mest interessante. Lavik sit på Stortinget, som partiet sin første representant, og han har det ikkje heilt godt. Han føler seg einsam, utafør og desorientert. Han tykkjer han ikkje får god nok kjennskap til og innsyn i saker som skal handsamast på Tinget. Ja, det vert så ille, i alle fall opplever Lavik det slik, at han ønskjer å få møta på Venstre

sine gruppemøte - som aktiv tilhøyrar.

Han vil gjerne vita kva Bjørø meiner om dette (10.01.34), og han får svar nokre dagar seinare. Bjørø rår han frå å møta i Venstre si gruppe. Det kan gi avisene vatn på mølla: Det nye partiet er jo berre eit haleheng til Venstre.

Nei, her er det snakk om sjølvstende - om partiidentitet.

Men Bjørø legg til: ...«De forstaar at jeg er ingen politiker og av den grund veier min mening ikke saa meget.»...

I eit brev til Lavik, datert 29. januar 1936, skriv Bjørø mellom anna: ...«Det jeg egentlig ville skrive om er om ikke Du vilde interpelere i Stortinget, hvad Regjeringen akter at gjøre for de 1700 lærere som gaar ledige. Inteligente, unge mennesker som bukker under for arbeidsledighet og elendighet.»...

Lenger ute i brevet står det: ...«Kunde ikke Regjeringen forlænge skoletiden i Folkeskolen, så vilde alle faa arbeide.»...

Det tok nokre tiår før dette blei gjennomført.

Når det gjeld partiet og utviklinga av det, skriv Bjørø i eit brev til Lavik i 1934: ...«Min mening og tro er at K.F. skulde blive et landsparti i Fremtiden, og at det skulde utbygges med det maal for øye.»...

Denne brevvekslinga gjev oss eit bilete av ein mann som ikkje berre er ein dyktig organisator og partileiar, men og ein mann med stor politisk kløkt, innsikt, vurderings-evne og engasjement. Han er levande interessert i og opptatt av viktige spørsmål/problem i samtida - og han sender signal til «sin» stortingsmann. Han er og ein fram-synt mann, og ein mann med visjonar.

Kvifor vart Kristeleg Folkeparti skipa i 1933? Kva gjorde dette mogleg?

Eg skal prøva å skissera bakgrunnen: Ein kan seia at i 1933 var vegen på mange måtar rydda, i alle fall i tilstrekkeleg grad, til at eit kristeleg parti kunne skipast. Dei objektive føresetnadene for ei partiskipping var til stades, og desse føresetnadene hadde vakse fram og modnast gjennom ein «lang» historisk prosess.

Det vart alt i 1919 sett ned ein komite som

skulle greia ut spørsmålet om eit eige kristeleg folkeparti, og spørsmålet dukka jamt opp framfor vala i 1920-åra. Men motstanden mot eit slikt parti var då stor, for mange kristne meinte at politikk var noko verdsleg, og at ein difor ikkje måtte blanda kristendom og politikk.

Utover i 1920-åra endra denne haldninga seg. Det voks gradvis fram ei politisk bevisstgjeriing i dei kristne miljøa, og stadig fleire kom til at kristendommen og kristne livsverdiar i større mon måtte gjennomsyra politikk og samfunnsliv.

Denne politiske bevisstgjeriinga voks fram parallelt med, og delvis som ei følgje av den aukande kulturradikalismen i det norske samfunnet på denne tida.

Tanken om, ja, kravet om eit kristeleg parti vart sterkare og sterkare, særleg i Hordaland, og framfor vala i 1924 og 1927 vart det gjort forsøk på å stilla ei eiga liste for kristenfolket i dette fylket.

Av ulike grunnar lukkast ikkje dette, blant anna var «Dagen» imot ei slik partiskipping. Men i 1933 oppstod på ein måte ein ny situasjon. Dei kulturpolitiske stridsspørsmåla «toppa» seg dette året, og eg kan her nemna striden om skodespelet «Guds grønne enger» og «Øverlandsaka».

Begge desse sakene vekte harme og avsky i kristelege miljø, og både skodespelet og Øverlands foredrag («Kristendommen - den 10. landeplage») vart stempla som gudsspotting, uttrykk for dei antikristelege og nedbrytande kreftene som var på frammarsj i samfunnet.

Dei utløyste aksjonar og protestresolusjonar frå kristelege organisasjonar over heile landet.

Men det mest alvorlege i samband med desse sakene, og det som kom til å få mest å seia for partiskippinga 4. september 1933, var at store grupper av kristenfolket i Hordaland miste trua på Venstre som berar og svarar av dei kristne verdiane. Venstre var jo det partiet dei fleste kristne veljarane hadde stemt på, det partiet dei tradisjonelt hadde sokna til.

Men Venstre, og særleg byvenstre representert ved Bergens Tidende, kom i dei to

ovannemnde sakene i eit svært tvilsamt lys. Frå kristent hald blei B.T. skulda for å driva antireligiøs propaganda og for å vera negativt innstilt i religiøse spørsmål.

B.T. og Dagbladet hadde forsvart både skodespelet og Øverlands foredrag, i alle fall retten til å framføra dei. Her var det åndsfridommen som vart sett i høgsetet, «den lunkne liberalisme», som Dagen kalla det.

I alle fall: Kristenfolket såg det no slik at Venstre hadde svike dei kristne verdiane, at partiet ikkje lenger var til å stola på i religiøse spørsmål.

Kravet om aksjon, handling, vart sterkare og sterkare, og no hadde og Dagen endra syn og var velvillig innstilt til ei partiskipping. På toppen av det heile kom så Venstre sitt nominasjonsmøte 21. august. Dette vart den utløysande faktoren, og ein kan vel seia at den kristne aksjonen i Hordaland fekk si utløysing med skipinga av Kristeleg Folkeparti.

.Ein må her og ta med at under valkampen i 1933, og i valoppøpet til det nye partiet, kom det klart fram at det og hadde vore vanskeleg å nå fram, få gjennomslag for kristne synsmåtar og interesser i dei andre partia. På grunn av partipolitikken og partidisiplinen var det dårlege forhold i dei store partia, vart det sagt.

Dette blei brukt som ei konkret grunngjeving for det nye partiet. Det kom fram at denne kritikken hadde adresse til Venstre, og at partiskippinga i stor mon var ein protest mot Venstre.

I det eg her har skrivt, ligg dei viktigaste politiske motiva for partiskippinga. Den historiske utviklinga, og dei historiske hendingane eg her har skissert, skapte dei føresetnadene som gjorde det mogeleg å skipa KrF. i 1933.

Utan denne bakgrunnen kunne truleg ikkje partiet ha vorte skipa i 1933 heller, korrkje av Ingebrigt Bjørø eller andre. Erfaringane frå 1924 og 1927 skulle tyda på det.

Framhald side 14

Tankar ved eit jubileum

av Arthur Lunde

EIT HUNDREÅRSJUBILEUM KAN FØRA MED SEG SÅ MANGE TANKAR. SÅ OGSÅ DÅ SØRE NESET SKULE RUNDA 100 ÅR I 1995.

«Eg har nok sett mine beste da-gar!» - dette hjartesukket kom frå ein gut då han vart spurd om korleis det gjekk. Han hadde nyleg teke til i første klasse i barneskulen, men det var korkje på Søre Neset eller ved nokon av dei andre skulane ein kjenner til.

Ein god skule

Skulen på Søre Neset har, etter det ein kjenner til, vore ein god skule i alle dei 100 åra som Søre Neset har vore eigen krins. I alle desse åra har det vore dugande og engasjerte lærarar knytte til skulen. Dei første har ein høyrte eller lese om og nokre har ein hatt som lærarar dei sju åra ein sjølv var elev

ved skulen. Flest kjenner ein som kollegaer frå skuleetaten i Os.

Lokalsamfunnet på Søre Neset har endra seg mykje i løpet av 100 år. Særleg i dei siste 20-30 åra har det vore ei sterk omstrukturering. I skulen har det òg vorte endringar. Ikkje berre fekk krinsen ny skule/ skulestad i 1968, og såleis ei sterk forbetring av dei ytre, fysiske vilkåra, - den indre skulestrukturen har òg endra seg radikalt.

Dei harde 30-åra

Me som tok til på skulen i dei harde 30-åra, kom til ein skule som var alfa og omega i lokalsamfunnet. Det var då to lærarar ved skulen. Dei var sentrale og vyrde personar med stor autoritet i arbeid og i fritid. Begge var dugande pedagogar, samfunnsengasjerte og gode medmenneske. Hå dei og heime lærde me kristen moral og god folkeskikk -



Søre Neset skule

kva som var rett og kva som var gale. Dei lærde oss å verdsetja allment aksepterte normer og gode tradisjonar. Dei gav oss ein lærdom og eit føredøme som vart noko av ballasten som har berga mange trygt gjennom stride stunder på vegen gjennom livet.

Dei lærde oss nokre av reknekunsten sine mysterier. At 5 gonger 7 vart 35 og at 7 gonger 5 også vart 35, var etter måten bra lett å skjønna. Verre var det då det viste seg at tal kunne delast opp i mindre einingar. Ja, sjølv 1 kunne gjerast mindre - til 2 halve eller til 4 fjerdedeler - brøk kalla læraren det, og han sette namn på talet oppå og under streken - teljar og nemnar kalla han dei - og streken var som eit delingsteikn.

Livet har på mange måtar vorte fullt av addisjon, subtraksjon, multiplikasjon og divisjon. Dei fleste svara får me tru har stemt med fasiten - men slett ikkje alltid - mangt fanst det ikkje fasitsvar på. Då måtte ein bruka skjøn og kvardagsvet.

Norsk og samtidskunnskap

Norsktimane var dei likaste timane! Særleg i dei stundene me fekk ta fram leseboka - Nordahl Rolfsens lesebok - du kor mange gilde stykke det stod i den boka! Bjednekniven, Itte no knussel, Terje Vigen, Jentene på Flatholmen, Vesleblakken, Tord Foleson, Tynsetprosten - for å nemna nokre.

I norsktimane og sogetimane vart det elles plass til samtidskunnskap - både på lokalplanet og i vidare samanheng.

I slutten av 30-åra var Søre Neset eit statisk bondesamfunn med innslag av nokre industriarbeidarar, handverkarar, fiskarar og sjøfolk. I dei fleste heimane fantes nok ei avis og kanskje ein radio, men noko mediesamfunn var det så visst ikkje. Samfunnsengasjerte lærarar vart difor viktige formidlarar av tankar og siste nytt om dramatiske hendingar i tida. Det var ikkje få av slike hendingar utover i 30-åra. Me sat dørg-stille og lydte etter når læraren, som var ein flink forteljar, gav oss dei siste meldingane frå storstormane i Nordsjøen og på Hustadvika. Skipsnamn som Venus, Leda, Trym og Rokta brende seg inn i minnet vårt

og vart der. Då skjønna me og betre innhaldet i salmen: «Gud signe vårt folk der det sigler og ror, og blåmyri pløyer i sud og i nord —».

Men større dramatik og tunge stunder venta oss: Ein aprildag i 1940 vart landet vårt hærteke og det gjekk ut strenge forordningar om kva folk no hadde å retta seg etter. Skulen slapp heller ikkje unna i så måte. Det må ha vore ei særdeles vanskeleg tid for foreldre og lærarar som hadde ansvaret for opplæring og oppseding av barn og unge. Avisene vart sensurerte og alt midtsommars i 1941 måtte radioapparata leverast inn. Rykteflaumen florerte, men treskoposten var ikkje alltid å stola på.

Før klassen vår forlet barneskulen i 1941 og gjekk ut i eit hærteke samfunn der norsk lov og rett var sett til side, gav læraren oss eit papirmerke - det var raudt og på merket var det trykt med gylte bokstavar: MED LOV SKAL LAND BYGGJAST OG IKKJE MED ULOV ØYDAST!

Framtidsvoner

Målsetjinga i skulen er den same no som før: Skulen skal gje elevane ei kristen og moralsk oppseding. Heimane og skulen skal samarbeida om dette. Skulen skal som før gje elevane gode allmenkunnskapar og førebu dei så godt det let seg gjera til å kunna fungera i samfunnet utafør skulen.

Læremetodane skifter, men ein bør ikkje triva til alt nytt berre fordi det er nytt. I ei tid med maskinar, mekanikk og elektronikk må ein ikkje gløyma einskildindividet og det levande ordet, for som Tor Jonnson seier:

«Kva hjelp er det å skapa all
venleik i verda,
når ordet lyt tapa for svolten og
sverda?
Slik undrast og spør vi i modlause
stunder.
Men hugse det bør vi: Eit ord er
eit under!
Dei gløymest, dei gjeve, og alt det
dei gjorde.
Men livet er æve. Og evig er ordet!

BARNE SIDER

av elevar i klasse 6a ved Søfteland skule

Klassedikt om Ivar Aasen

Ivar Aasen heitte han,
vandra rundt i Noregs land,
traska rundt på store føter,
samla ord med norske røter.

Ivar Aasen - glad i norsk,
kunne ikkje vera dorsk,
samla ord og skreiv dei ned,
laga grammatikk og ordbok med.

Han var stolt av det norske språket,
ville bort med «danske-åket.»
Han skreiv skodespel og dikt,
og var veldig flink til slikt.

Ivar blei ein gammal mann,
mange venner hadde han,
i år har vi feira alle mann -
eit Aasen-år fortente han!




Ordtak etter Ivar Aasen

- Gamall kjærleik rustar ikkje.
- Den som hatar, dømer ikkje rett.
- Den som vil på havet, skal ikkje ro hardt.
- Handi er so sterk som hugen.
- Ein skal ikkje gapa meir enn munnen toler.
- Gamle føter og unge er ikkje like tunge.
- Gull er godt, men mat lyt ein først hava.
- Vatn er den sterkaste drykken;
det driv både kvern og sag.

KLASSEN SINE ORDTAK

- Det er betre med ein linjal i sekken enn ti heime.
- Liten søledam kan gjera mange våte.
- Det er betre med ei bok i handa enn ti i hylla.
- Det er betre med ei bok i handa enn
ti kanalar og fjernkontroll.
- Den som kjem først til pulten, får først sitja.



SKJULTE DYRENAMN

1. Bruker du kam eller børste?
2. Musikk er gøy.
3. Store bitar er vonde å svelgja.
4. I dag såg eg Pedro med armen i bind.
5. Vi har eit lite hus på landet.
6. Eg fann hundre kroner i går på bussen.
7. Ein hes tenor syng dårleg.
8. Skatten ligg på kistebotn.
9. Onkel øver på gitar.
10. «Kom igjen», sa personen framfor meg.

LADA - GÅTER

1. Veit du kor mange som jobbar på ein Lada-fabrikk?
2. Veit du kvifor Lada-bilen er så populær?
3. Veit du kva som er den minste delen på ein Lada?
4. Veit du kva som står på eit Lada-panser når bilen har køyrt ei mil?




MI MEINING ER:

- at vi ikkje treng å gå på skule kvar dag. Det ville vore fint utan heimelekse. (KJ)
- at vi bør ikkje ha heimelekse når vi er på skulen 29 timar i veka. Vi bør ha meir fritid. (M)
- at det er gale at dei slepper boss ut i verdsrommet. (A)
- at det er gale at vi ikkje har plass til bosset vårt på jorda. (P M)
- at vi kunne fått fleire fridagar på skulen. (H)
- at det burde vere gang- og sykkelsti frå Søfteland til Os. (KA)
- at vi ikkje skal hogga ned skogen, og at vi ikkje skal få så mykje lekser. (A)
- at det ikkje skulle vore 15-års-grense på nokon av filmene. (S)
- at vi skulle hatt mindre lekser og fleire fridagar. (E)
- at vi skulle slutta å forureina så mykje. (I M)
- at det må bli slutt på all krig i verda. (R)

GÅTER


1. Kor var Donald Duck då lyset gjekk?
2. Kva er det som ikkje er noko, men som likevel ofte finst i ei tom lomme?
3. Når begynner dei små andungane å symje?
4. Nemn eit dyr som har bein men ikkje kan gå?
5. Når har ein seks bein og går på berre fire?
6. Kva har kuhovud og kuhale, men er likevel ikkje ei ku?
7. Kva for ein hest har aldri vore føll?
8. Kor er det du kan setja deg, men ikkje eg?




NOREG RUNDT, GEOGRAFI REBUSAR .

1. LEVDE IKKJE
2. VERKTØY-SELISKAP
3. SKAFF EI ENG-NEDBRENDT
4. STEMME
5. MARKNADSPLAGGET
6. GODT NØDSIGNAL
7. GLAD I MINERAL
8. MORA NOKON SEG
9. C
10. DET KUPERTE LANDSKAPET
11. FJELL - 1
12. FISKEBUKT
13. FØRST I 17.MAI TOGET
14. D
15. STERKT ØNSKE OM AT NOKO VAR UGJORT
16. MANN - KVINNE
17. GJEKK PÅ TÅ
18. STYGG PLOSS
19. FROSEN ENG
20. VAKKER ØDDE
21. TIDLEG-ØM MORGONEN
22. TAL
23. TELEFONKIOSK
24. NYVASKA BOKSTAV
25. STOR LEILEGHEIT

Kva er dette?




Kva er dette?



Kva er dette?




Rebus

J+er i preteritum +  + en.



K lover du å
få skiken ut av
spaden ved å
flytta to fyrstikk-
er?



K lover du å
laga ein fyrkant
ved å flytta ei
fyrstikk?



Kor mange bygge-
klossar er det her?

$$10 + 10 = 4$$

Kan du få det-
te reknestykket
til å stemma
ved å føye til
to streker?

$$5 + 5 + 5 = 550$$

Kan du få dette reknestykket til å stemma
ved å føye til ein strek?

Løysingar bak i bladet

Då «fiskestrilar» frå Os vart steina ved Nordnes.

Av Gustav Moberg

«Billeder fra strilelivet» av E.N.Strønen fortel om harde levekår for fiskar- bønder i Os for hundre år sidan.

Knapt nokon stad i landet har motsetningane mellom by og land vore så store som i Bergensområdet. I dag er det lite og ingen ting att av det, men enno lever det bygdefolk som i unge år opplevde å få slengt skitord etter seg fordi dei snakka og kledde og tedde seg annleis enn byfolka. Går vi hundre år attende eller vel så det, var det verkeleg hardt å vera bygdemann i byen. Aller verst var det for dei som kom sjøvegen til byen for å selja varene sine, «fiskestrilane» som bergensarane kalla dei.

Ein av dei som har fortalt levande om dette og om korleis folk i våre grender levde i dei siste to-tre tiåra i førre hundreåret, er Erik Nicolai Strønen, ein mann eldre os-ingar kan hugsa som ein gamal og noko original herre og som elles er kjend for mange gjennom det han skreiv om seg sjølv i OS SOGA II av Nils Tveit. Mindre kjend er truleg den boka Strønen gav ut i 1904: «Billeder fra strilelivet».

Sjølvbiografisk folkelivsskildring.

Skal ein setja merkelapp på boka, må det bli folkelivsskildring, men når ein jamfører med det Strønen skriv om sitt eige liv i bygdesoga, er det klart at første delen av boka må vera langt på veg sjølvbiografisk. Ettersom Erik Nicolai Strønen var berre sju år då faren døyde, kan han ikkje sjølv ha vore med far sin på byferd slik det blir fortalt om i boka, men han kjende sikkert mange gutar som måtte dela blodslitet med fedrane sine før dei var konfirmerte.

Den staden og det miljøet som blir skildra i boka, kan svært godt vera Strøno eller ei anna øy på denne delen av kysten. Vi møter fiskaren Terje Sørøio, kona Kari, sonen Kristofer og dottera Gjørna, folk som lever i små kår, i ein evig strid for levemåten og for å halda fut og lensmann frå døra. Som vanleg for småkårsfolk i den tida, hadde dei age for kaksar og styresmakter. Men det hender at opprørske tankar melder seg, mellom anna når Terje og sonen held på å slita seg forderva i vinterkulden der dei ror og ror mot stormen for å berga bruk og fangst:

« - Skal jeg nu virkelig miste garnene og linerne og?» tenkte Terje. « Nylig har jeg mistet den bedste koen min. Futen og skriveren, kjøbmanden og landhandleren skal ha sit. Hvis ikke, kommer lensmanden og panter, så jeg blir kvit de andre kjørne mine og.»

« - De skulde», tænkte Terje videre, «sidde her nu de fede, store kakserne, både futen og skriveren, være med på at forsøge at redde disse penge, som nu holder på at gå tilbunds for mig her i stormen, så kunde det hælde, at de siden ikke blev så morske og sinte, om en stakkars bonde kom og betalte skatterne en dag eller to over tiden. - Han skulde sidde her han storthingsmanden vor og, så kom han nok ikke siden til at være så flot med at bevilge pensioner for de store, som bare danser og morer sig gennem livet Gud ved, hvor det gik med de store, hvis ikke han og andre stakkars småkårsfolk skulle slide så og skrabe sammen til dem, fortsatte Terje sine betragtninger.»

Far og son greier å berga fiskereiskapen og ein stor fangst, og så nyttar dei sønnavinden til å sigla nordover mot Bergen. - Dei brukar råsegel, og når

vinden går over på nord, må dei til å slita og ro, overnatta i ei roleg vik med berre seglet over seg i vinternatta. Men dei må til byen før fisken



Ein ekte stril

vert for gammal, og tidleg neste morgon held blodslitet fram, åretak for åretak i hard motvind og iskald sjøsprøyt. Mange gonger held dei på å gje opp, og det er nære på at dei hiv noko av lasta over bord for å gjera båten lettare. Så ille er det at då Terje får kyrkja i Struss-hamn i sikte, kjem det for han at det beste måtte vera den evige kvila på kyrkjegarden - «Der hvor høi og lav,



«Torghandel» rundt hundreårsskiftet

lut og fisker, grosserer og arbeidsmand blev lige store og lige små.»

Men endeleg rundar dei Kvarven og ser inn mot «— vidunderstaden med alle sine stadselige rariteter og eventyrlige herlighed.» Og Kristofer får ny næring til draumen om å flytta bort frå slitet og koma til byen, bli krampusvein og kanskje med tida handelsmann.

Det er ein underleg velkomst dei får. På Nordnespynten står kjuagutar og kastar stein. Ein velkledd herremann står og ser på og flirer. Så møter dei fløttmenn og andre som har Vågen til arbeidsplass og som kjeftar og plagar strilane. Dei kjem seg inn til bryggja inst i Vågen. Før torghandelen tek til, går Kristofer ein tur i land og blir utsett for det som i våre dagar blir kalla uprovosert vald. Ein bygut kastar seg over han: «Stril! Stril! Hei du! Hører du ikke, din dumme strilegut? Du må vadske sildeskjellene af støvlerne dine!» Men Kristofer finn seg ikkje i slikt, og det blir han som bankar opp byguten.

«Silkestrilen» er også med i persongalleriet, sonen til ein øya-mann som har flytta til byen og som gjer alt han kan for å få folk til å tru at han er ekte bergensar, med namnet skrive på tysk maner.

Kjefting og skravling.

Det er ei kjefting og ei skravling og skråling utan like på fiskebryggja, med madammar og tenestetauser som kappast om å vera store i kjeften med fiskestrilane.

«Ka skal Du ha for den lille - torsken der i bagskotten, Du, - manden min?»

«40 øre, mor,» svarar Terje.

«- Ok! firti øre for den lille, - selvdøde fisken.»

«- Du kommer vel forhåbentlig til - at dø av dig selv Du også med - tiden, madam, så Du skulde ikke - lade fisken høre ondt for det,» - svarede Terje.»

Jau, Terje Sørøio kan svara for seg og det kan sanneleg Kristofer og. Ein veldressa bymann meiner 3 kroner er urimeleg for 5 paler og 5 torskar og meiner Kristofer er heilt rusk.

«- Dokke må jo huske på, at fisken - er død.»

«Du skal vel hje etan levande, - veit æg?» er svaret han får.

Strønen skriv på riksmålet slik det var rundt siste hundreårsskiftet, og denne replikken er ein av dei svært få han skriv på bygdemål, men dei fleste stadnamna har bygdemålsform og forfatternen let Terje undra seg over at byfolka sikkert ville hatt meir vørnad for strilane dersom dei hadde tala «kråketysk istedenfor det gamle redelige strilemålet vort...»

Eric Nicolai Strønen var sjølv ein av dei svært få som i 1880-90-åra makta å ta spranget over den djupe sosiale og kulturelle kløfta mellom den fattige fiskarbonden og den velstående akademikaren. Han kom seg til Bergen og vart krampusvein, men deretter apotekarlærling og farmasøyt. Så gav han seg ut på noko så utruleg som å lesa til artium, og - endå meir utruleg - han studerte medisin og vart lege. Han reiste mykje i andre land, både på studiefjerder og som turist. Med ein stor legepraksis i Oslo var han ein velstående mann. Han gav mykje pengar til gode føremål på Strøno og i Os elles, og den dag i dag er det ungdom som får pengestøtte til utdanning frå Dr. Strønens fond.

Men boka hans, «Billeder fra Strilelivet», er også ei gåve til ettertida, fordi ho fortel om liv og lagnad i ei tid som berre er nokre få generasjonar borte, men som likevel var så ufatteleg mykje annleis enn i dag.

Ingebrigt Bjørø -Framhald frå side 7.

Ein bortgøymd partiskipar?

I ein artikkel i Aftenposten 19.4.96 skriv Ludvik Jerdal: ...«Men partiet(KrF) tykkjest ha gløymt sin verkelege skipar.»... For å prøva å svara på spørsmålet, vil eg sjå litt nærare på den skrivne partihistoria, og særleg den delen som handlar om sjølv partiskippinga.

I 1958 gir partiet ut eit «Festskrift» (25-årsjubileet) skrive av mellom andre Kjell Bondevik (formann i skriftnemnda), og han tar her for seg skipinga av partiet i 1933. Kva rolle har så Ingebrigt Bjørø fått i denne framstillinga?

Bondevik skriv: ...«Han (Bjørø) kalla utan førespurnad inn til møte i Bergen 4.september, ikkje for å starta nytt parti (understreka av meg), men for å få Nils Lavik vald inn på Stortinget»...

Han skriv vidare: ...«Både i 1924 og 1927 var det nordhordalendingane som tok initiativet. Innkallinga i 1933 var sendt ut lenge før Venstre hadde nominasjonen sin.»... (understreka av meg).

Arne Lomeland har klart påvist at denne framstillinga av partiskippinga ikkje held vit-skapelege mål - ho er rett og slett ikkje korrekt.

Føremålet med møtet i Bergen var å skipa eit kristeleg parti. Dei skipingsmennene Lomeland har snakka med, har m.a. sagt (og skrive under på) at det var eit skipingsmøte dei vart kalla inn til i Bergen. Bjørø har og fleire telefonar til Nils Lavik, før skipingsmøtet, og ber han stilla på toppen på ei valliste for Kristeleg Folkeparti. Dette vert stadfesta m.a. i Lavik si dagbok.,

Det kan difor ikkje vera tvil om at Bjørø tok initiativet både for å skipa eit nytt parti og for å få Lavik inn på Stortinget. Det første var vel ganske enkelt nødvendig for å oppnå det andre.

Så til innkallinga: Olav Hannisdal tok i første halvdel av august eit initiativ og sende brev til venner og kjenningar for å sondera stemninga for å skipa til ei kristeleg liste. Det var meininga at han skulle få i stand eit skipingsmøte, men det vart det ikkje noko av.

Bondevik skriv i ein avisartikkel i 1973:

...«Det var berre innkallingsdatoen som ikkje var fastlagt i fyrstninga av august.»... Nei, innkallingsdatoen var ikkje fastlagt, og det blei ikkje sendt ut noka innkalling før Venstre sitt nominasjonsmøte 21.august. Det var Ingebrigt Bjørø som på eige initiativ sende ut innkallinga til skipings- og nominasjonsmøtet, og dette skjedde etter 21.august. Anten har Bondevik her ikkje sett seg grundig nok inn i dei faktiske forholda, eller så har det av ein eller annan grunn vore viktig å flytta fokus frå Os til Nordhordland.

I 1963 gav KrF ut ei bok («Kristeleg Folkeparti - 1958- 1963») i høve 30-årsjubileet. Her vert det i forordet slått fast at «Festskriftet» (Bondevik-1958) «klart, fylldig og interessant» hadde handsama hendingane ved sjølv starten den 4. september1933.

...«Kjennsgjerninger ved partiets tilblivelse, som andre politiske interesser hadde dratt i tvil, ble klarlagt og stadfestet.»... Boka har og eit kapittel om stiftingsmennene, Ingen av dei er nemnde ved namn, og det står heller ikkje eit ord om Bjørø si rolle ved partiskippinga. Æresmedlemmene helsar og jubilanten (Nils Lavik, Margrethe Pram, Hans Svarstad, Erling Vikborg og Johan Midtun), men ingen av dei nemner Ingebrigt Bjørø. Men under innlegget til Johs. Aksnes - Øystese har ein funne plass til eit lite bilete av Bjørø- men det står ingenting om Bjørø i innlegget. Under biletet står det at han (Bjørø) var første formann i KrF i Hordaland. Han var faktisk den første formannen i Kristeleg Folkeparti.

KrF i Hordaland har og gitt ut ei bok om partiet (Hordalandspartiet), og det vert her sagt at dette er den første samla framstillinga av partiet si historie.

I det første kapittelet i denne boka («Kristelig Folkeparti blir til - 1933») står det følgjande om Ingebrigt Bjørø:

...«Det var blikkenslager Ingebrigt Bjørø fra Os som hadde sendt ut innkalling.»...«Bjørø tok først ordet og orienterte.»... (på skipingsmøtet)

...«Det (styret) fikk blikkenslager I. Bjørø fra Os som formann.»... Dette er stort sett det vi får vita om Bjørø i kapittelet om partiskippinga. Elles er det store bilete av Aksnes-Øystese (møteleiaren på skipingsmøtet) og Nils Lavik, med korte opplysningar om desse

mennene. Det er og bilete av Olav Hannisdal, med opplysningar og referat vedrørende det initiativ han tok i august 1933, og litt lenger ute i kapittelet kjem det ei ny, sterk fokusering på Hannisdals initiativ. Dette er heilt i tråd med den «bondevik-ske tradisjon».

Kva med Bjørø i denne samanhengen? Det er ikkje noko bilete av han, og altså ingen billetekst som kunne ha fortalt oss at det var han som framfor nokon annan var initiativtakar og pådrivar i skipingsprosessen.

Forfattarane gjer ikkje noko forsøk på ei vurdering eller ein analyse av Bjørø sin innsats då partiet vart til.

Det ser nesten ut som det har vore viktigare å framheva han som hadde tenkt å kalla inn til skipingsmøte enn han som verkeleg gjorde det. Dette må i beste fall kunna karakteriserast som påfallande.

Kva med merkedagar / jubileum? I 1983 feira KrF sitt 50 - årsjubileum i Bergen. Her var heile partiet til stades, med partiformann, statsrådar og medlemmer av stortingsgruppa. Det var tog gjennom gatene, høgtideleg samling i Engen kino, festmiddag i Håkonshallen og festmøte i Eldorado. Altså ei storslått og høgtideleg jubileumsfeiring.

I same høve var «heile» KrF i Eksingedalen og avduka ei byste av Nils Lavik. Kjell Magne Bondevik stod for avdukinga, og Lars Korvald heldt preike i kyrkja. Stor festivitet. No er det sjølsagt ikkje noko rart at KrF feira Nils Lavik i høve 50-årsjubileet. Det var heilt fortennt. Han var partiet sin frontfigur heilt frå starten, gav partiet eit ansikt utetter, var den første store hovdingen i partiet. Men kva med Os og Ingebrigt Bjørø i denne samanhengen? Bjørøfamilien fekk ein kveld ein telefon (4. eller 5. september 1983) med beskjed om at det ville komma nokre frå

partiet og leggja ned ein krans på grava til Bjørø neste dag, og ein ønskte at nokon frå familien skulle møta opp.

Dagen etter kom så ein «delegasjon» frå Bergen, mellom andre Lars Korvald og Sverre L.Mo, dåverande formann i Hordalandspartiet. Frå KrF i Os møtte Geirmund Dyrdal og Per Harald Røykenes. Nokre frå familien var og til stades.

Det vart lagt ned ein blomsterkrans, sagt nokre ord, og så reiste delegasjonen - like stille som han hadde komme.

Så vidt eg veit var det ikkje meininga at pressa skulle vera til stades, men at Midhordland meir eller mindre tilfeldig fekk greie på kva som skulle skje.

Redaktøren tok eit bilete, men det vart ikkje skrive noko anna enn namna på dei som var til stades, at Bjørø var ein av dei mest aktive i partiet sin oppstartingsfase, og at han var den første formannen i partiet.

Hadde ein i Midhordland vore førebudd på det som skulle skje,

ville det vel vore naturleg at lokalavisa i dette høvet hadde gitt ein fyldigare presentasjon av Ingebrigt Bjørø. Eller kanskje nokon frå KrF burde ha gjort det?

Det heile verkar som ein litt tildekt seanse. Ville det ikkje ha vore rimeleg at partiet ved 50-årsjubileet også i Os hadde lagt ei meir høgtideleg, og ikkje minst ei meir offentleg ramme rundt denne markeringa?

Bjørø var jo osing, spela hovudrolla då partiet vart til, og leia partiet dei første åra.

Kvifor ikkje ei samling med familien - og andre som ville vera med? Kvifor ikkje ein liten tale frå partihald med påskjønning for den innsats Bjørø gjorde i starten og i dei næraste åra etterpå? Det heile verkar litt improvisert - nærast som ei impulshandling frå partiet si side.



Nils Lavik
(1884-1966)

I Eksingedalen sa Kjell Magne Bondevik m.a. : «*Han (Lavik) fekk leia KrF frå den spede byrjinga til det smått om senn fekk fotfeste over heile landet.*»

Kva med han som sat som partiformann, som prøvde å byggja opp ein organisasjon, som bala med å skaffa pengar til partiarbeidet? Eg skal ikkje leggja opp til noka man- njamning mellom Bjørø og Lavik, men det må vera rett å seia at desse to karane var li- kemenn dei første åra - drog lasset saman.

Brevvekslinga viser då og at dei hadde nær kontakt, hadde rådslaging og samarbeid både når det gjaldt poli- tiske spørsmål, og i parti- og organisasjonssaker.

Er det ikkje då eit lite misforhold mellom den imponerande partimønstringa i Eksingedalen og den heller smålåtne «fei- ringa» på Os?

Forfattarane av partihistoria har gitt eit klart og greitt bilete av utviklinga og hen- dingane før partiskippinga, av det som la grunnlaget for og skapte føresetnadene for det nye partiet. Men det synest som om dei har hatt vanskar med å gi ei klar og objektiv framstilling av hendingane rundt sjølve par- tiskippinga.

Dette har vore spesielt vanskeleg: 1) Gi ei klar og sannferdig vurdering av Bjørøs ak- sjon. 2) Akseptera samanhengen mellom partiskippinga og Venstre sin nominasjon 21.august. 3) Kopla saman Bjørøs initiativ og nominasjonsresultatet til Venstre.

Elles sit eg att med det inntrykket at ein har prøvd å leggja «lok» over Ingebrigt Bjørø og hans innsats i august-september 1933, og heller få andre mest mogeleg fram i lyset.

Når det gjeld historia til Hordalandspartiet, synest eg forfattarane av det første kapitte- let (om stiftinga) av og til har det eg vil kal- la ein leiande tendens i framstillinga si - brukar ein slags verbal kamuflasjeteknikk. Dette kjem fram i formuleringar, i ordval - og ikkje minst i det som er utelate.

Eit par eksempel: På side 10 skriv dei m.a.: «*Formelt sett var brevet (Hannisdals brev) ingen innkalling til noe stiftelsesmøte.*» Men var det ei innkalling reelt sett?

Vidare: «*Men det ble ikke noe av Hannisdals «skipingsmøte» - i første omgang.*»

Blei det noko av Hannisdals «skipingsmøte»

- i andre omgang då?

Den same tendensen finn ein og i dei to an- dre bøkene (1958 og 1963).

Når det gjeld Bjørøs initiativ i 1933, går for- fattarane som katten rundt den varme grau- ten.

Dette «loket» anar ein og når det gjeld mer- kedagar/jubileum. Bjørø har berre i liten grad vore nemnd ved jubilea til partiet, og så vidt eg veit, har familien aldri fått noka formell innbyding ved slike høve.

Det verkar som om partiet har underkjent Ingebrigt Bjørøs rolle og innsats, og ein har i alle fall vore svært varsam med å framheva han på nokon måte.

Eg har berre ein stad i partihistoria funne noko som kan kallast ei påskjønning av den innsatsen Bjørø gjorde.

Bondevik skriv (1958): «*Bjørø gjorde mykje både i 1933 og dei fyrste åra etter.*» Det er alt.

Det viktigaste i denne samanhengen, er nok det brevet Nils Lavik sende til Bjørø 12.01.44.

Her står det mellom anna:«*Så er det ein tanke som har kome for meg. Du er sikkert den som har mest og best (understreka av Lavik) kjennskap til kor Kristeleg Folkeparti vart skipa her i Hordaland. Det var då du som gjekk i brod- den meir enn nokon annan. Skriv ned det du hugsar og send det til meg. Eg vil gjerne at det skal liggja att ei liti korrekt opphavssoga um par- tiet.*»....

Dette må vel kunna tolkast slik at i alle fall han, sjølvaste Nils Lavik, såg på Ingebrigt Bjørø som den sentrale i hendingane då partiet vart til.

(Bjørø fekk dessverre ikkje svara på Lavik sitt brev, då han døydde berre ein knapp månad seinare, 8. februar 1944).

Kvifor så bortgøymd? Tre mogelege forkla- ringar.

Ut frå det eg her har skrive, melder natur- leg nok dette spørsmålet seg: Kvifor dette påfallande «måtehald» når det gjeld perso- nen Ingebrigt Bjørø?

Eg vil peika på tre mogelege grunnar: Bjørø vert altså formann i KrF i 1933. Men han får ikkje vera med så lenge, berre 4-5 år. Alt i 1937 må han overlata formannsoppgåvene til Anders Vaksdal (varaformannen). Bjørø

er då svært sjuk. Men fram til 1937 sit han sentralt når det gjeld organiseringa og utbygginga av partiet i Hordaland.

Men sjølv om «Hordalandspartia» tek initiativ for å skipa kristelege folkeparti i andre fylke, får vel Bjørø berre i liten grad vera med i den prosessen som gradvis utvidar partiet til eit landsparti (1938). Så kjem krigen. Bjørø døyr som sagt 8. februar 1944, og får såleis heller ikkje vera med då partiet verkeleg «tar av» - etter krigen. Bjørø «dett ut or saga» ganske tidleg, og blir anonym i den store partisamanhengen.

Den store «kjendisen» i partiet blir Nils Lavik. Han er partiet sin første stortingsmann, blir formann i landspartiet i 1938, parlamentarisk leiar, og sit på Tinget heilt til 1953.

Men Lavik var ikkje med i partiskippinga. Han var då bortreist (Austlandet og Sverige), og kom ikkje attende til Bergen før 8. september, fire dagar etter at partiet var skipa.

Han var heller ikkje villig til å stilla på stortingslista for det nye partiet. Han sa nei til dette då Bjørø ringde til han. Han var og i byrjinga mot heile partiskippinga. Dette kjem fram i dagboka hans, og i brev og telegram han sende til Bjørø.

Då han kom tilbake til Bergen, gjekk Bjørø (og eit par andre) på han for å få han til å stilla. Dei fekk overtalt han til slutt - ved hjelp av kona hans.

Lavik flytte til Frekhaug, skreiv seg inn i manntalet i Meland, og dermed var han velbar for KrF i Hordaland.

Når det gjeld dette med «bortgøyminga», kan det og vera slik at dei i KrF har sett på Bjørø som ein av mange skipingsmenn, og at dei difor ikkje har villa framheva han framfor andre. Dette er sjølvsagt rett på ein måte.

Det var som sagt gjort forsøk tidlegare, og andre hadde teke initiativ. (Hannisdal). Bjørø stod ikkje åleine, han hadde mange med seg. Men i sjølve skipingsprosessen var Ingebrigt Bjørø den fremste blant likemenn. Det var han som var primus motor i denne prosessen.

Skal ein difor kunna snakka om ein partiski-

par, må det vera i dette tilfellet.

Men KrF har ikkje brukt ordet partiskipar. Då hadde det vore uråd å komma utanom namnet Ingebrigt Bjørø.

Men den tredje, og truleg den viktigaste grunnen til bortgøyminga av Ingebrigt Bjørø, ligg i det eg vil kalla «motivstriden».

Alt i valkampen i 1933 gjekk Venstre-avisene i Hordaland ut med påstandar om at hovudmotivet bak Bjørøs aksjon var å ramma Nils Tveit. Det skal ha vore eit motsetnadsforhold, eit «grannegnag», ja, rein fiendskap mellom desse to mennene. Det viktigaste for Bjørø skal difor ikkje ha vore å få Nils Lavik inn på Stortinget, men å hindra Nils Tveit i å komma inn. (Bjørø og Tveit var forresten ikkje grannar, men sambygdingar. Den første budde på Osøyro, den andre i Hegglandsdalen)

Venstrepressa køyrde altså knallhardt ut mot det nye partiet, kalla det både for «splittellesparti» og «politisk spekkhoggar». Det gjaldt å stilla partiet i eit dårleg lys, og i denne samanhengen brukte venstreavisene «striden» mellom Bjørø og Tveit heilt bevisst som eit viktig taktisk moment i valpropagandaen.

Kunne dei klara å så tvil om motiva bak partiskippinga, at det var «ukristelege» og «mindreverdige» motiv som låg bak, ville dette kanskje redusera oppslutninga om det nye partiet.

I Venstre var dei sjølvsagt fullstendig klare over at dersom KrF skulle lukkast ved valet, var det nettopp Venstre som ville måtta betala prisen.

Olav Hannisdal er inne på dei same tankane då han i «Dagen» (1972) skriv: ...«*At nokon i andre parti og som var imot at eit KrF vart skipa, har ført ein lokal strid i Os som grunn for skipingi, er ikkje so underleg. Det var det partiet (Venstre) som tapte mest på at eit nytt parti steig fram. Men noko sann framstilling av fakta var det ikkje*»....

Venstreavisene brukte i valkampen m.a. desse formuleringane då dei hevda at «nabostriden» i Os låg bak partiskippinga: ...«*Men me har grunn til å tru at*»...«*Det ligger ogso nær å tru at*»... («Hordaland Folkeblad»).

...«*Vi kan også minne om det som er offentlig ut-*

talt»... (Bergens Tidende).

Kva avisene bygde desse insinuasjonane sine på, vart det sjølv sagt ikkje sagt noko om.

Men dette om «grannegnet» som drivkraft i Bjørøs aksjon, har og vore sett fram av seinare skribentar - temmeleg kategorisk. Ein får inntrykk av ei nesten «hysterisk» fokusering på dette eine aspektet, og at dei reine politiske motiva har komme meir i bakgrunnen. I eit idehistorisk perspektiv må det vel vera desse motiva som er dei viktigaste - og dei mest interessante.

Kva er så desse påstandane bygde på? Finst det noko som liknar ein historisk dokumentasjon som klart viser at Bjørø hadde eit sidemotiv då han aksjonerte, og at dette var det viktigaste?

Eg har ikkje sett eller funne nokon slik dokumentasjon.

Arne R.Lomeland («Kristelig Folkeparti blir til»-hovudfagsoppgåve i historie ved Universitetet i Oslo i 1968), byggjer på det han kallar «sterke vitneprov». I 1968 intervjua han Lars Solheim, Olav Hannisdal, Hans Svarstad og Johs. Aksnes-Øystese, og spurde då m.a. om kva motsetnadsforholdet mellom Bjørø og Tveit hadde hatt å seia for skipinga av KrF i 1933.

Svarstad og Aksnes-Øystese var då nokså sikre på at dette hadde spela ei viktig rolle ved skipinga av partiet. Men alt i 1969 modifiserte Svarstad sine utsegner på dette punktet ganske kraftig.

I brev til Lomeland skriv han: ...«*Det var det at Lavik ikkje fekk plass nr. 3 eller 4 (på Venstrelista) som gjorde at Bjørø kom på kokepunktet.*»...

Når det gjeld dette, seier Lars Solheim: «*Eg er ikkje sikker, men eg vil ikkje nekta for...*»

Hannisdal: «*Det kan tenkjast. Eg veit ikkje sikkert...*»

Desse utsegnene spriker, ord står mot ord, ein veit ikkje, er ikkje sikker osv.. Dei veit heller ikkje kva dette motsetnadsforholdet dreiar seg om. Kor har dei meiningane sine frå?

I 1972 skriv Hannisdal (Dagen): ...«*Det er for små tankar, og urette er dei også, um me skulle tru at han (Bjørø) på grunnlag av ein liten feide oppe i Os bygda mellom han og ein annan person, ein feide som mest ingen visste om, fordi han var*

fornærma ville skipa eit Kristeleg Folkeparti. Han var for god mann for slike urette skuldingar»...

Hannisdal seier vidare at det ikkje vart sagt eit ord på skipingsmøtet om denne «nabostriden».

Det er verdt å merka seg at dette vert sagt av han som vel må kunna kallast Bjørøs fremste «konkurrent» vedrørende skipinga av partiet. Hannisdal står fram som ein heiderleg og ærleg mann med eit kristent sinnlag.

To andre som og har skrive om «grannegnet», er BT-journalisten Olav Garvik («Kristelig Folkeparti mellom tro og makt»-1983) og Ludvik Jerdal.

Olav Garvik seier: ...«*Sterke personlige motsetninger i bygda Os, like sønnafor Bergen, var i det minste (understreka av meg) en av drivkreftene, og trolig (understreka av meg) det utløsende element.*»...

Ludvik Jerdal (Aftenposten 19.4.96): «*Det var velkjent både i Os og i vidare krinsar at eit «grannegnet» i bygdi låg attum det nye partiet.*»...

Kor dei har dette frå, seier ikkje «soga» noko om.

På meg verkar heile denne «dokumentasjonen» temmeleg frynsete. Han har meir karakter av folkesnakk, rykte, synsing, mistenkeleggjering - og politisk taktikk.

KrF og «motivstriden»

Men skuldinga mot Ingebrigt Bjørø, at han ikkje først og fremst handla ut frå idealistiske motiv i 1933, har vore eit ømt punkt for KrF heilt frå starten.

I valkampen (1933) var det Johan Midtun, sekretær i partiet si pressenemnd, som måtte ta støyten. Han prøvde på det sterkaste å tilbakevisa påstandane om at «nabostriden» i Os hadde hatt noko med partiskippinga å gjera, og det er tydeleg at desse påstandane vart oppfatta som eit forsøk på å «stempla» partiet. Men det å tilbakevisa, eller motbevise slike påstandar, var sjølv sagt som å slåst mot spøkelse.

Korleis har så KrF opp gjennom åra takla dette problemet?

Ein har brukt same argument som Johan Midtun brukte i 1933, sterk vektlegging av dei idealistiske og politiske motiva. Dette er

sjølv sagt rett og.

Men som Midtun har ein også redusert eller dekt til Bjørøs rolle ved partiskippinga, ja, ein har til og med prøvd å spela han ut over sidelina.

Kjell Bondevik (1958) «fritek» Bjørø for heile partiskippinga: Han (Bjørø) kalla inn til møte - men ikkje for å skipa eit parti. Når det gjeld innkallinga til skipingsmøtet, var den send tidlegare - av andre.

Dette er ganske genialt, men på kanten av det historisk forsvarlege.

I 1963 vert det traust fastslått at Bondeviks framstilling - ja, det er sanninga om partiskippinga.

I boka om Hordalandspartiet har forfattarane ei meir korrekt framstilling av hendingane i 1933, men Bjørøs rolle hoppar dei stort sett over. Det vert berre nemnt i ein fotnote at ein ikkje bør leggja så stor vekt på dette med motsetnadsforholdet mellom Bjørø og Tveit i samband med partiskippinga.

Det som slår meg, er at i KrF si historieframstilling har det viktigaste heile tida vore å forsvara partiet, frikjenna partiet for påstandane om at det skal ha vore noko tvilsamt ved opphavet.

Men kva med personen Ingebrigt Bjørø? Har ein frå offisielt partihald nokon gong prøvd å forsvara han, den første partiformannen, mot påstandane om «uærlig spel» då han aksjonerte, gjort forsøk på ei kritisk vurdering av grunnlaget for og gehalten i denne skuldinga?

For meg ser det ut som det berre er Olav Hannisdal som har uttalt seg til fordel for Bjørø.

KrF si haldning i denne samanhengen må anten tyda at ein i partiet har trudd eller rekna med at skuldinga mot Bjørø har vore sann, eller at det ikkje har vore bryet verdt å ta til motmæle.

Partiet sitt renommé har vore det viktigaste - ikkje personen Ingebrigt Bjørø.

Det vi veit sikkert er dette: Ingebrigt Bjørø tok initiativet og fekk skipa Kristeleg Folkeparti i 1933. Partiet lukkast ved valet, og fekk ein mann inn på Stortinget (Nils Lavik). Det kosta Venstre fjerde mandatet, og der stod Nils Tveit.

Dette er historiske kjensgjerningar, og dei politiske motiva har sjølv sagt vore like klare og viktige for Bjørø som for dei mange tusen som stemte på KrF ved valet. Det var og desse motiva som var dei viktigaste, og som gjorde det mogeleg å skipa partiet.

Eit anna moment: Det vart brukt som argument mot partiskippinga (frå kristent hald) at dersom det blei nederlag ved valet, kunne dette gjera stor skade for seinare forsøk.

Er det derfor rimeleg å tru at Ingebrigt Bjørø, med sin sterke bakgrunn i dei kristeleg organisasjonane, ville ta ein slik sjanse for å ramma ein «uvenn»? Då må ein vel verkeleg ha låge tankar om denne mannen. Nei, om Bjørø hadde sidemotiv, og kva dette eventuelt hadde å seia for hans aksjon, ligg i den «historiske skoddeheimen». Om nokon visste noko sikkert om dette i 1933, er umogeleg å seia. Vi veit i alle fall ikkje noko sikkert om dette i dag, og kjem truleg heller aldri til å få vita det.

Ein bør difor la tvilen komma «tiltalte» til gode, og tona kraftig ned denne skuldinga mot personen Ingebrigt Bjørø.

Neste gong KrF skriv historia si (og det kan bli lenge til), er det kanskje nødvendig med ein liten revisjon, eller i alle fall ei litt anna vinkling på partiskippinga i 1933.

Kast då litt meir lys over partiskiparen Ingebrigt Bjørø. Det finst ingen saklege grunnar for ikkje å gjera det - og det har noko med rettferd, ærlegdom og sanning å gjera.

Som grunnlag for denne artikkelen har eg brukt Arne Lomeland si bok «Kristelig Folkeparti blir til» (1971), «Kristeleg Folkeparti 1933-1958», «Kristeleg Folkeparti 1958-1963», første kapittel av historia om KrF i Hordaland, avisartiklar (1933-1996), og dessutan har eg brukt brev og andre dokument som ikkje tidlegare har vore offentleggjorde, og som no er i Bjørøfamilien si eige.

Første premie i ei novelletevling

Frå tid til anna ..

Kristine Opheim
elev ved Nore Neset Skule

Ein liten bris kviskrar fram ein ny morgon. Sola speglar seg i dei mange snøkrystallane som overvintrar i tre og gras. Ferske dyrespor i nysnøen vitnar om eit rikt dyreliv også om natta. Nokre småfuglar kvitrar i veg, slik berre småfuglar kan. Fuglesongen blir ein del av den roen som berre herskar i uberørt natur. Det er vinter. Om ikkje lenge, når snøen smeltar, vil ei heilt ny verd koma til syne.

Ei digital stemme reiv Gurine ut av draumeland, og kasta ho inn i ein ny morgon. Gurine viste ingen vilje til å stå opp, der ho låg og tenkte på den merkelege draumen ho hadde hatt. I motsetning til andre draumar, stod denne framleis klart for henne, endå ho no såg på seg sjølv som relativt vaken. Plassen i draumen hadde vore så kjend, men på denne tid av døgeret var ho ikkje i stand til å plassera han. Pliktene kalla, og Gurine brukte ikkje meir tid til å fundera før natta kom, og draumane igjen tok overhand.

Ein frisk bris leikar med kleda som heng til tork i gardstunet. Graset har begynt å få ny farge, og trea lurar på om dei skal senda blada til lufting. Nytt liv er på veg! Ei lita jente som ber vatn, strevar seg fram mellom røter og sleipe steinar som ligg i stigen. Ho stansar litt for å sjå på trekkfuglane, som syngjande returnerar til reira sine. Sola forsvinn bak ei sky, og jenta hutrar. Det er vår, men framleis ikkje så varmt i lufta...

Endå ein slik merkeleg draum, tenkte Gurine i det ho reinska augo for siste rest av søvn. Noko sa henne at det var ein samanheng mellom draumane. Sjølv om ein del

av skogen frå den første draumen var borte i denne draumen, var fjellformasjonane nøyaktig like, det var ho villig til å vedda på! Det var akkurat som om dei to bileta var henta frå ulik tid, men frå same plass. Gurine begynte å fatta interesse for det som gjekk føre seg i hjernen hennar om natta, og ho venta spent på neste del av draumen.

Brisen har no søkt varmare strok, berre stormen er att. Han trugar med å blåsa taka av mest alle husa i den vesle bygda. Regnet ausar ned. Alt vatnet skyl med seg dei fargerike blomane som held til i grøftkantane. Folk held seg for det meste innandørs, men av og til er det nokon som dristar seg til å ta opp kampen mot vinden. Fuglane søkjer dekning, og naturen skiftar musikk. Trea bøyer seg for vinden og lyttar tålmodig til klagesongen. Det er sommar, men hausten kjem nærare med stormkast...

Brått slo det Gurine at bileta i draumen var henta frå hennar eigen heimstad! Dei hadde vist henne korleis hennar eigen heimstad hadde vakse fram eller forsvunne, alt etter som..

Og den vesle jenta på stigen, var ingen andre enn ho sjølv, som lita. Men kvifor vart vêret styggare og styggare for kvar draum som gjekk?

Draumane uteblir ei natt, og Gurine tek til å undra seg kvifor. Ho plantar den gamle skrotten sin i lenestolen ved vindauget, og studerer hausten i den vesle byen. Dei få trea som er att i gatene, ser ekstra sårbare ut i det skarpe lyset frå lynet. Tora ristar heile byen. Reinhaldsvesenet ergrar seg over alt arbeidet med lauv som fell, og har for

lengst søkt om å få trea fjerna. Det einaste fuglelivet som er att, er endene som tassar rundt på asfalten og tiggjar etter mat..

Med eitt går det opp for Gurine korleis menneske mishandlar naturen. Samfunnet i byane har ikkje rom for natur. Ho innser at det ho nett har sett i vindaugget, er neste

del i draumen hennar. Endringane frå draum til draum verkar skremmande med tanke på korleis framtida vil bli, om utviklinga held fram. Gurine bestemmer seg for at ho vil arbeida for å bevare naturen. Berre ikkje i dag. Kanskje i morgon, tenkjer ho i det ho sig inn i draumeland...

Nådestund

Av Bente Bratlund Mæland

nådestund
vera ei lerke
som stig og stig

vera elvebruset
og den kvite molteblomen

vera solvarme
over eigen blåis

1

Kvalitet i samarbeid med



Flåten Senter, 5200 Os, Tlf. 56 30 66 50

Bohus

Telefon: 56 30 04 80

Din totalleverandør av finansielle tenester

KREDITKASSEN

Vi gir deg bedre råd!

Filial Os - 5200 Os - Telefon 5657 2010 - Telefax 5630 2737

Blomar og planter
i store parti
me kjøper og sel
frå vårt gartneri.

a/s Byssand  GARTNERI

SKEIE - Tlf. 56 30 55 10 Fax. 56 30 62 15

*Me har alt du treng som malar
når du eigenhendig balar.
Men me hjelper gjerne til
når du sleppa mala vil.*

 MALERMESTER
ARNE STRØNEN 

5222 NORDSTRØNO - TLF. 56 30 80 81 - BUTIKK: 56 30 11 80

OS MÅLLAG

SKIPPA 1920

Styret:

Leiar: Reidar Bremerthun

Skrivar: Ruth Søviknes,

Kasserar: Elfrid Moberg

Styremedlem: Lars Skorpen, Oddvar Bentsen

Ta kontakt med eit av styremedlemene.

OSINGAR!

**VINTEREN KJEM NOK I ÅR ÒG...
ER ALTERNATIVET VURDERT ?**

SOM OSING SKAL DU VETA AT :

- Linjane 620/630 Osøyro/Halhjem passerar Os 47 gonger på veg til Bergen alle kvardagar.
- Periodekort mellom Os og Bergen Kostar kr. 850 for ein måned.
- Periodekortet i snitt nyttar korta sine 48 reiser pr.. måned.

**TENK SMART -
REIS SAMAN**



OS UNGDOMSLAG

skipa 1890

Ver med oss i arbeidet
for norske folkedansar:
Songdans, turdans,
gamaldans og
bygdedans.

Sjå lysing i
Os & Fusaposten

Vi støtter det lokale kulturmiljøet!

Hos oss får du alt du trenger innen bøker, faglitteratur, CD-rom og data, papir og rekvisita.
Vi har også mange godbiter fra ditt lokale miljø!

M.K. OLSEN INTERBOK

5200 Os • tlf: 56 30 04 30 • fax: 56 30 29 80
e-mail: mkolsen@sn.no

Alle slags planter

- PRYDBUSKAR
- NÅLETRE
- FRUKTTRE
- BÆRBUSKAR m.m.

M. HAUGE'S
Planteskole
Moberg - 5200 Os
Tlf. 56 30 03 60.

*Roser og plantar
av mange slag,
til kvardagsbruk
og i festleg lag!*



Halhjem Gartneri 5227 Søre Neset
Tlf.: 56 30 51 78 - Fax: 56 30 62 53

Kvalitet!

- VERKTØY -
- MASKINER -
- REDSKAP -
for
HUS OG HAGE

JERNÅ

P. M. SÆLEN & CO. A/S

Tlf. 56 30 04 00 - 5201 OS



LOKALKONTOR
Bjørnegården
5200 OS
Tlf. 56300690

REGIONKONTOR
Sandslimarka 31
5049 Sandsli
Tlf. 55984820

Rådgjevande ingeniørar



HALHJEMSVEIEN - 5200 OS



**RENOVASJON -
CONTAINERSERVICE**

Tek på meg all slags bosskøyning.

Ring tlf. 56 30 53 14 - 56 30 58 35 - Lager Kolskogen: Tlf. 56 30 16 17
Mobiltlf. 94 56 79 35 - Mobiltlf. 94 55 18 31

*Når reiselysten veks seg stor
hos folk som bur ved Bjørnefjord,
kan dei alltid gå til vårt reisebyrå.*



OS REISEBYRÅ AS



POSTBOKS 260 - 5201 OS
TELEFON: 56 30 11 90 • TELEFAX: 56 30 27 01

Me har stolar og sofakrok
der du kan kosa deg med
ei bok.

Me har også seng og bord,
både for liten og for stor.

**Møbelservice
på Sjøteland**

Tlf. 56 30 71 70 - 56 30 72 31 Fax. 56 30 74 35

LARS LEKVEN

SIV. ARKITEKT MNAL NPA
ROSENBERGSGT. 42 5015 BERGEN

TLF.: 55 32 79 50
FAX.: 55 32 90 64



*Til kjøkken, bad og vaskerom
har vi det meste, så berre kom
og kjøp det du treng, vi installerar,
når gamle røyr ryk, vi reparerar.*



Sverre Samdal
AUT. RØRLEGGERFORRETNING

Telefon: Privat: 56 30 02 55
Kontor: 56 30 15 83
Mobil: 94 57 14 61

ARKA AS

Bli abonnent du òg!

Her finn du

SISTE NYTT

om det som hender

i heimbygda di!

**OS & FUSA
POSTEN**

Boks 272 - 5201 Os - Tlf. 56 30 29 50

Me sel måling til tak og vegg
Me mjuke tepper på golvet legg
Me skaffar gjødsel til hagen din
så plenen veks seg grøn og fin

A.s Os Fargehandel

INTERIØREN

5200 OS - TLF 56 30 03 80 - FAX 56 30 14 72

**Roser og
dekorasjonsplanter
Gartneriutsal**

Erling og Terje Lunde - Gartneri


5227 Søre Neset - Tlf. 56 30 52 28

$$T\bar{O} + \bar{T}O = 4$$


$$545 + 5 = 550$$

Kor mange byggjeklosser
er det her?

SVAR:
10



SpareBank 1 Vest



*På Flåten Senter finn du alt
frå moteklær til smør og salt.
Der kan du gå i ro og mak
og handla etter råd og smak.*

FLÅTEN  **SENTER**

...har alt!

Tlf. 56 30 03 50

DISTRIKTET SITT EIGE FORSIKRINGSSELSKAP

Hos oss kan du få dekk dine
totale forsikrings- og lånebehov

Ta kontakt med oss!



GJENSIDIGE Vest

OS Tlf.: 56 57 20 00
FUSA Tlf.: 56 58 10 90



Den norske Bank

Vi har mulighetene - du har valget!!!



OSKRAFT^{AS}

— Rein energi —

TLF. 56 30 03 00

Din lokale kraftleverandør

Løysingar frå BARNE SIDER

SKJULTE DYRENAMN

1. Kamel
2. Mus
3. Elg
4. Dromedar
5. Hare
6. Hund
7. Hest
8. Katt
9. Løve
10. Ape

LØYSING LADA - GÅTER:


1. Ein til å klippa og ein til å lima.
2. Ingen stel dei.
3. Hjernen på han som køyrer bilen.
4. Game over!

LØYSING AV GÅTER:



1. I mørkret.
2. Eit hol.
3. Når dei kjem så langt ut i vatnet at dei ikkje når botnen.
4. Fisken.
5. Når ein rir.
6. Ein kalv.
7. Gyngestenen.
8. På mitt fang.

NOREG RUNDT, GEOGRAFI REBUSAR .

| | |
|--|----------------|
| 1. LEVDE IKKJE | VARDØ |
| 2. VERKTØY-SELSKAP | HAMMERFEST |
| 3. SKAFF EI ENG-NEDBRENT | FINNMARKSVIDDA |
| 4. STEMME | RØST |
| 5. MARKNADSPLAGGET | TORGHATTEN |
| 6. GODT NØDSIGNAL | NAMSOS |
| 7. GLAD I MINERAL | STEINKJER |
| 8. MORA NOKON SEG | LOEN |
| 9. C | FØRDE |
| 10. DET KUPERTE LANDSKAPET | ÅSANE |
| 11. FJELL - 1 | BERGEN |
| 12. FISKEBUKT | LAKSEVÅG |
| 13. FØRST I 17.MAI TOGET | FANA |
| 14. D | STORD |
| 15. STERKT ØNSKE OM AT NOKO VAR UGJORT | HARDANGER |
| 16. MANN - KVINNE | KARMØY |
| 17. GJEKK PÅ TÅ | LISTA |
| 18. STYGG Plass | GRIMSTAD |
| 19. FROSEN ENG | TELEMARK |
| 20. VAKKER ØDDE | FAGERNES |
| 21. TIDLIG OM MORGONEN | OTTA |
| 22. TAL | TRETEN |
| 23. TELEFONKIOSK | RINGEBU |
| 24. NYVASKA BOKSTAV | RENA |
| 25. STOR LEILEGHEIT | ELVERUM |



Meksikanar med hatt, sett over - fira



Svar: Vil du vera med so heng på

Ei ku i ei ferist, sett nedanfrå

